



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 07.03.2013

Vår ref.: 2012/12560

Arkivnr.: 473

Hå kommune  
Postboks 24  
4368 VARHAUG

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 56 88 11  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Solør Bioenergi AS, avdeling Grødaland, Hå kommune - Søknad om endring av løyve etter forureiningslova for avfallsforbrenningsanlegg - Fylkesmannen ber om merknader til søknaden - Utlegging til offentlig ettersyn**

**Fylkesmannen ber om opplysingar om spesielle lokale tilhøve m.v. som det bør tas omsyn til ved handsaming av søknaden. Vi ber om at kommunen sin uttale blir sendt oss innan 8 veker.**

Fylkesmannen i Rogaland har motteke søknad frå Solør Bioenergi AS om endring av gjeldande løyve etter forureiningslova for anlegg for avfallforbrenning på Grødaland, Hå kommune (tidlegare Grødaland Energisentral). Søknaden gjeld auke av mottaksramme for avfall til forbrenning og endring av løyvet til berre å gjelde forbrenning av kverna trevirke, inkludert impregnert trevirke. Vi syner til søknad av 20.12.2012.

### Kort utgreiing om verksemda og søknaden:

Type verksemd: Avfallsforbrenningsanlegg med energigjenvinning.

Plassering: Gnr. 14, bnr. 2, Grødaland, Hå kommune.

Verksemda omfattar: I driftsåret 2012 forbrenning av 9 200 tonn kverna trevirke.

Gjeldande løyve gir høve til forbrenning av 1) næringsavfall etter sortering og materialgjenvinning, 2) inntil 4 000 tonn/år kjeldesortert våtorganisk avfall frå hushaldningar og 3) avfall som kan medføre smittefare for dyr i henhold til veterinærstyresmaktene sine reglar. Forbrenning av inntil 14 900 tonn/år avfall.

Søknaden gjeld: Endring av løyve til berre å gjelde forbrenning av kverna trevirke (returtre), inkludert inntil 4 000 tonn/år impregnert trevirke. Auke av mottaksramme for avfall til forbrenning til 17 400 tonn/år.

Brukstid: Heile året.

Rensetiltak: Røykgassrensing med kalk og aktivt karbon. Anlegget har ikkje delprosessar som medfører utslepp til vatn.

Fylkesmannen sine merknader:

Fylkesmannen ga i vedtak av 19.04.2002 løyve etter forureiningslova til Norsk Varme- og Energiproduksjon AS til drift av forbrenningsanlegget på Grødaland. Løyvet blei etter innføring av EU sitt avfallsforbrenningsdirektiv i norsk regelverk endra ved Fylkesmannen sitt vedtak av 05.12.2005.

Etter eigarskifte ønskjer nåverande eigar Solør Bioenergi AS endringar i gjeldande løyve. Anlegget har hittil i hovudsak forbrent kverna trevirke; dette blir synleggjort ved at andre avfallstypar blir tekne ut av løyvet. Det er óg ønskje om å forbrenna inntil 4 000 tonn/år kverna impregnert trevirke.

Det er søkt om auke i samla ramme for forbrenning av avfall frå 14 900 til 17 400 tonn/år. Kverning av trevirket skjer på Solør Bioenergi AS sitt anlegg på Vigrestad før transport til Grødaland.

Spreiingsanalyse for røykgassar vedlagt søknaden syner at grensene for utslepp til luft fastsett i avfallsforskrifta kapittel 10 kan overhaldast med bruk av nåverande skorstein med utsleppspunkt i 37,5 meter høgd over bakkenivå.

Anlegget hadde i 2012 ein energiutnyttingsgrad på 67 %. Produsert energi blir i dag levert som metta damp til naboverksemda Norsk Protein AS. Det ligg føre planar om tilknytning av anlegget til eit framtidig fjernvarmenett.

Nokre typar impregnert trevirke kan vera farleg avfall, og forbrenning av slikt impregnert trevirke blir rekna som behandling av farleg avfall, jf avfallsforskrifta kapittel 11. Det er berre Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) som har mynde til å gi løyve til behandling av farleg avfall. Klif har etter søknad delegert mynde til Fylkesmannen til å handsama den delen av søknaden som gjeld forbrenning av impregnert trevirke.

Søknaden blir handsama iht. forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta), kapittel 36 om handsaming av løyver etter forureiningslova, fastsett av Miljøverndepartementet 01.06.2004.

Offentlig kunngjering:

Fylkesmannen sørgjer for kunngjering av søknaden i Jærbladet. Kunngjeringskostnadene skal dekkjast av sækjar. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

Utlekking til offentlig ettersyn:

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn på Rådhuset, Hå kommune, Varhaug og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside, [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under "Snarvegar" og "Høyringar". Uttaler frå interesserte blir å senda Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

Uttaler - kommunal slutthandsaming:

Frist for kommunale og fylkeskommunale uttaler er 8 veker frå mottak av dette brevet.

Vi ber kommunen innan same tidsrom å innhente naudsynte uttaler frå eigne organer så langt ein finn dette naudsynt. Vidare må det gis opplysingar om omsøkt verksemd er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsvedtak m.v. for området.

Kommunen sin uttale bør gi opplysingar om lokale tilhøve som kommunen meiner manglar, eller dert ikkje godt nok er gjort greie for i søknaden, og som det bør takast omsyn til ved avgjerda.

Vi rår til at kommunen slutthandsamar saka i organ som kan gjere ei samla vurdering av saka. Uttaler og utskrift frå den kommunal sakshandsaming skal sendast Fylkesmannen.  
Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernsljef

Einar Haualand  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og krev derfor ikkje signatur.*

Saksbehandlar: Einar Haualand  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 25  
E-post: fmroeha@fylkesmannen.no

Vedlegg:

- 3 sett av søknadsdokumenta (derav 1 sett til offentleg utlegging)
- Gjeldande løyve av 05.12.2005
- Kunngjeringstekst

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001 Stavanger
Solør Bioenergi AS	Postboks 46	2261 Kirkenær
Mattilsynet, felles postmottak	Postboks 383	2381 Brumunddal
Klima- og forureiningsdirektoratet	Postboks 8100 Dep.	0032 Oslo
Norsk Protein AS	Nordsjøvegen 2371	4365 Nærbø
IVAR IKS	Postboks 8134	4069 Stavanger
Brannvesenet Sør-Rogaland IKS	Jerveien 107	4318 Sandnes



## FYLKESMANNEN I ROGALAND

### **Solør Bioenergi AS, avdeling Grødaland, Hå kommune - Søknad om endring av løyve etter forureiningslova for avfallsforbrenningsanlegg - Utlegging av søknaden til offentlig ettersyn**

Solør Bioenergi AS har søkt Fylkesmannen i Rogaland om endring av gjeldande løyve etter forureiningslova for avfallsforbrenningsanlegg med energigjenvinning på eigedomen gnr. 14, bnr. 2, Grødaland, Hå kommune.

Solør Bioenergi AS søker om endring av løyvet slik at det berre omfattar forbrenning av kverna trevirke, og samstundes auke av mottaksramma for anlegget frå 14 900 tonn/år til 17 400 tonn/år avfall. Innanfor ny mottaksramme er det vidare søkt om løyve til forbrenning av inntil 4 000 tonn/år impregnert trevirke.

Søknadsdokumenta blir lagt ut til offentlig ettersyn på Rådhuset, Hå kommune, Vigrestad og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under ”Snarvegar” og ”Høyringar”.

Moglege merknader til søknaden kan sendast til Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59, 4001 Stavanger, eller [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no) innan fire veker frå kunngjeringsstidspunktet.